



NÆRINGSPLAN FOR VOLDA 2004 - 2007



STRATEGIAR OG TILTAK

Vedteken i kommunestyret 22.06.04, sak 0069/04

Innholdsliste:

Strategiar og tiltak 2004 - 2007

1. Kvifor næringsplan	Side	4
2. Organisering		4
3. Målsettinga		4
4. Stoda no/ Endra føresetnader		5
4.1. Kommunikasjonar		5
4.2. Demografiske tilhøve		5
4.3. Folketalsutvikling		5
4.4. Sysselsettingstilhøve etter hovudnæringar		6
5. Gjeldande rammevilkår		6
5.1. Generelle		6
5.2. Distriktpolitisk status		7
5.3. Endra arbeidsgjevaravgift		7
5.4. Transportkostnader		7
5.5. Stadbundne føresetnader for lokalisering		7
5.6. Kommuneøkonomien		7
6. Om næringslivet i Volda		8
6.1. Landbruket		8
6.2. Fiskeri- og havbruksnæring		8
6.3. Industrien		9
6.4. Reiseliv		9
6.5. Servicenæringane		10
6.6. Handelen		11
6.7. Offentleg verksemd		11
7. Spesielle tiltak		11
7.1. Påverke rammevilkåra		11
7.2. Infrastruktur		11
7.3. Selskapsskatten		12
7.4. Utvikling av meir brukarorientert kommunal tenesteproduksjon		12
7.5. Samarbeidsområdet mot ytre Søre Sunnmøre og Nordfjord		12
7.6. Miljøfyrtårn		12
7.7. Samarbeid skule - næringsliv - Ungdom		13
7.8. Kvinneretta tiltak		13
7.9. Prioritering av bruken av kraftfondmidlane		13
7.10. Visjonsgruppe for utvikling i Volda		14
7.11. Volda som handelssentrum		14
7.12. Reiselivssatsing		14
7.13. Landbruk og bygdeutvikling		15

8. Handlingsplan – prioritering av tiltak	15
8.1. Avklaring av planperiode	15
8.2. Aktuelle tiltak i perioden 2004-2007	15

Vedlegg:

1. Analyser over svake og sterke sider – Soft-analyser
2. Spesielle strategiar
3. Nærare omtale om prioritering av bruken av kraftfondet

Forord:

Volda kommune var først i Møre og Romsdal med å utarbeide næringsplan. Alt i 1986 var den første planen ferdig og seinare har den vore revidert fleire gonger.

No er planen revidert på nytt og det praktiske arbeidet har Arild Eliassen stått for. I perioden 8. mars til 31. mai 2004 var han som student ved Institutt for planlegging og administrasjon (IPA) ved Høgskulen i Volda ute i praksis i Nærings- og utviklingsstaben i Volda kommune. I praksisperioden har han hatt eit tett samarbeid med Kontoret for næringslivet og med næringssekretariatet og laga planen klar til politisk handsaming.

Eigedoms- og forvaltningsstyret har vore politisk styringsgruppe under revisjonen av planen.

Vi vonar at næringsplanen framleis kan vere eit fundament for å skape ei god og framtidsretta næringsutvikling i Volda.

Volda, 21. mai 2004

Per Ernst Lundberg
Nærings sjef
Kontoret for næringslivet

Arne Eliassen
Ass. adm. sjef
Volda kommune

NÆRINGSPLAN FOR VOLDA HANDLINGSPROGRAM 2004 - 2007

1. KVIFOR NÆRINGSPLAN:

Det er mange ulike faktorar som påverkar utviklinga i ei kommune. Ei av dei største utfordringane i åra som kjem, er å halde oppe eksisterande og sikre nye arbeidsplassar. Grunnlova § 110 seier: "*Det pålegges Statens Myndighet at legge Forholdene til rette for at ethvert arbeidsdyktig menneske kan skaffe sig udkomme ved sitt arbejde*". Det er såleis staten som har hovudansvaret for "at legge forholdene til rette..."

Men ansvaret er i stor grad også delegert til kommunene. Ved hjelp av ulike strategiar har det vore mogleg for kommunene å gjere sitt til at målsetjinga i grunnlova kan nåast.

Ein god næringsplan kan vere eit nyttig hjelpemiddel i utviklingsarbeidet, då den skal oppsummere kva vi ynskjer å oppnå, og korleis vi skal kome dit. Ein må likevel påpeike at næringsplanen åleine ikkje er nok til å handtere dei utfordringane kommunen vil møte i åra som kjem. Næringslivet har hovudansvaret for at næringsutviklinga vert positiv.

2. Organisering:

Eigedoms- og forvaltningsstyret gjorde den 09.12.03, sak 0018/03, slikt vedtak:

1. *Eigedoms- og forvaltningsstyret viser til saksutgreiinga og seier seg samd i det opplegg som vert skissert i høve forenkla revisjon av Næringsplan for Volda – utarbeiding av handlingsprogram 2004-2006.*
2. *Eigedoms- og forvaltningsstyret skal vere politisk styringsgruppe i samband med revisjon av Næringsplanen.*
3. *Ein tek sikte på å ha ferdig planutkastet i løpet av våren 2004.*

Eigedoms- og forvaltningsstyret har bede Næringssekretariatet om å stå føre prosjektet.

3. Målsettinga:

Målsettinga som er formulert i Næringsplanen for Volda 96-00 ligg fast og er som følgjer:

- Folketalet skal vere over 8500 i år 2007.
- Volda skal vere ei av dei beste kommunane i landet å leve og arbeide i gjennom tilbod for alle aldrar, kjønn og behov.
- Det er eit mål at folketalet på bygdene skal oppretthaldast minst på same nivå som i dag.

Desse punkta støttar opp om kvarandre, og ei positiv næringsutvikling vil medverke til oppfyljing av denne visjonen. Grunnlaget for ei slik utvikling kan leggjast mellom anna gjennom følgjande innsatsområde:

Vekst og utviklingskommunen Volda:

- Det skal leggjast stor vekt på å fremje vekst og utvikling i det eksisterande næringslivet, og stimulerast til framtidretta nyetableringar.

- Vekst og utvikling bør vere hovudmål for alle sektorar i Volda.
- Med bakgrunn i Lokal Agenda 21 og Fredrikstaderklæringa, skal omsynet til berekraftig utvikling leggest til grunn i dette arbeidet.

Trivnad-kommunen Volda:

- Det skal vere attraktivt å opphalde seg i Volda – ei positiv oppleving.
- Ein skal ha eit offentleg og privat service og fritidstilbod minst på høgde med byane i fylket.
- Kunnskap om "bulyst" må leggest til grunn ved utvikling av Volda.

Servicekommunen Volda:

- Kommunen skal først og fremst vere eit service-organ for innbyggjarane.
- Tenestene skal vere retta inn mot å dekkje dei behov og løyse dei problem som innbyggjarar og næringsliv i Volda møter.

4. Stoda no/endra føresetnader:

4.1. Kommunikasjonar

Volda/Ørsta har eigen flyplass, med fleire daglege avgangar til Oslo og Bergen. Flyplassen kan vise til ein stadig auke i passasjertalet. E39, "Kyststamvegen", går gjennom kommunen. Viktig for næringsutviklinga er riks- og fylkesvegar som knyter Volda saman med andre kommunar. Kvivsvegen som no er inne i NTP 2009-2015 (Nasjonal Transportplan) og Eiksundsambandet som allereie er starta på, vil leggje til rette for ein større arbeidsmarknad i regionen og betre kommunikasjonane til/frå kommunen. Hovudutfordringa framover er ferjesamband med låg kapasitet og frekvens, særleg kveld og natt, og dei rasfarlege vegane.


4.2. Demografiske tilhøve


Volda hadde eit folketal på 8378 pr. 31.12.03.

I tillegg er det til ei kvar tid er busett ca. 1500 studentar i Volda, slik at samla folketal i Volda er ca. 10000.


4.3. Folketalsutvikling - Endring 1987 – 2003 (Kjelde: SSB).

Volda har hatt ein tilvekst på 0,38 % det siste året. Fødselsoverskotet er på 6, mens netto innflytting (inkl. inn- og utvandring) er på 37. Det er ei positiv folketalsutvikling i kommunen. Veksten skjer i sentrum medan dei fleste bygdene opplever ein nedgang.





4.4. Sysselsettingstilhøve etter hovudnæringar 2000 (Kjelde: SSB).



5. Gjeldande rammevilkår:

5.1. Generelle

Rammevilkår gjeld først og fremst juridiske (lover og forskrifter) og økonomiske tilhøve (skattar og avgifter) vedtekne av Stortinget. Lokale rammevilkår er t.d. kommune- og reguleringsplanar og kommunale forskrifter.

5.2. Distriktpolitisk status.

Volda er plasserte i sone D i Innovasjon Norge-systemet (tidl. SND-systemet). Verksemdene når såleis ikkje tak i dei bedriftsretta distriktpolitiske støtteordningane i Innovasjon Norge. Volda kommune har kraftfond. Dette fondet skal nyttast til næringsutvikling, lokal infrastruktur og kommunale fellestiltak.

5.3. Endra arbeidsgjevaravgift.

Fram til 31.12.99 var Volda plassert i sone 2, med 10,6 % arbeidsgjevaravgift. Frå 1.1.00 er kommunen plassert i sone 1 med 14,1 % arbeidsgjevaravgift.

Kompensasjonsmidlane for auka arbeidsgjevaravgift for næringslivet vert disponerte av styret for Stiftelsen Kontoret for næringslivet (KFN). Stortinget har ikkje halde lovnadene sine og for 2003 vart midlane Volda skulle ha overført til fylkeskommunen. Etter det statsråden sa i budsjettdebatten skulle Volda likevel få tildelt kr. 1.600.000,- for 2003 frå fylkesramma, men fylkesutvalet tildelte berre kr. 800.000,-. Same halveringa gjaldt Ørsta. Arbeidsgruppa og ordføraren jobba iherdig for å få auka ramma, men så langt til inga nytte.

Når det gjeld bruken av desse midlane, skal dei nyttast til områda infrastruktur, kompetanseutvikling og regional utvikling som lekk i omstilling til høgare avgift. Ved utgangen av 2003 har styret til disposisjon kr. 1.556.090,-. Denne summen er inklusive renter.

5.4. Transportkostnader

Næringslivet i Volda/Ørsta-regionen sine ekstrakostnader med ferje utgjer nær 30 mill. kr. pr. år. I tillegg kjem persontransporten på omlag 60 mill. kroner. Dette er kostnader som svekker konkurransekrafta.

5.5. Stadbundne føresetnader for lokalisering

Industrien i Volda var tufta på lett tilgang til billeg straum. I dag er dette utjamna og gir ingen konkurranseføremon. Kompetansen i arbeidsstokken er ein viktigare faktor i dag. Tradisjon og kultur for etablering av næringsverksemd og samarbeid er viktig for lokal utvikling. Tilgang til lokal eigenkapital er og ein viktig faktor. Ein av konkurranseføresetnadene for etablering i Volda er at kommunen viser positiv vilje og legg til rette gjennom aktiv planlegging og gjennomføring av naudsynte offentlege utbyggingstiltak.

5.6. Kommuneøkonomien

Volda er ei minsteinntektskommune og har dermed avgrensa handlefridom. Dette stiller større krav til prioritering: lovpålagde oppgåver går føre. Følgjene kan då verte svekka kommunal infrastruktur og kommunal økonomisk evne til å gå inn med direkte støtte til ulike næringsstiltak.

6. Om næringslivet i Volda:

Trendane siste åra i Noreg er at talet på sysselsette i jordbruk, fiske og fangst og tradisjonell industri har gått ned, medan sysselsetjinga i offentleg og privat service har gått opp. Dette er ein trend også i Volda.

Stiftinga Kontoret for næringslivet i Volda (KFN) gjer eit viktig arbeid når det gjeld næringsutvikling og er eit kontaktpunkt mellom næringslivet og kommunen. Det er såleis viktig at KFN vert oppretthalde og ført vidare i minst like stort omfang som i dag.

Dei næringsdrivande må gjerne vere meir aktive gjennom dei ulike organisasjonane sine, slik at ein kontinuerleg kan få innspel på ulike idéar som samsvarar med dei ulike behova som til ei kvar tid finst.

6.1. Landbruket har, som i landet elles, gått tilbake dei siste åra. Utviklingstrekka syner ein reduksjon i talet på brukseiningar og stagnasjon i nydyrking. Likevel må ein nemne at når det gjeld mjølkeproduksjonen, har dei som driv denne produksjonen kjøpt mjølkekvoter dei siste åra. Dette har ført til at produsert mjølkemengde i kommunen stort sett er uendra. I svineproduksjonen og eggproduksjonen har det vore utbygging og nyetableringar siste åra. Ein må også nemne at tilleggsnæringar som skogbruk, gardsturisme, husflid m.m. kan vere ein medverkande faktor til framleis lønsemd i landbruket.

Sysselsettinga i primæringnæringa har vore kraftig redusert, dette på grunn av effektivisering og til dels dårleg økonomi. Effektiviseringa har ført til at det blir stadig færre bruk med større produksjon. Denne utviklinga vil truleg fortsette framover.

Landbruket er ei viktig næring for Volda kommune. For at denne næringa skal vere liv laga, må det arbeidast aktivt for å oppretthalde aktiviteten og produksjonsnivået i det tradisjonelle landbruket.

Landbruksnæringa må framleis vurderast som ein av grunnpillarane for busetnaden på bygdene. Bustadfunksjonen må difor tileggjast stor vekt ved sida av næringsdelen. Innanfor dei ordningane som vert bestemt frå sentralt hald, må ein sikre arbeidsplassane og auke lønsemda gjennom ulike samarbeidstiltak som t.d. samdrift i husdyrhald, samarbeid om reiskap og maskiner osb.

Vidare skal det arbeidast aktivt for å finne moglege tilleggsnæringar innanfor landbruket. Stikkord kan t.d. vere bygdeturisme, havbruk, husflidproduksjon, båtbygging, ”grøn omsorg”, biobrenselproduksjon, økologisk jordbruk.

BU-midlar og tilskot/låneordningar frå Innovasjon Norge (tidl. SND) må nyttast aktivt, t.d. til å stimulere nisjeproduksjon (småskalaproduksjon). Landbrukskontoret er ein særskilt viktig reiskap for at dette skal lukkast. Skal landbrukskontoret vere ein aktiv pådrivar for å fremje målsetjingane om å sikre sysselsetjinga i landbruket i Volda, må dette kontoret få dei nødvendige rammer å arbeide under. Det er viktig at dei kommunale avgjerane i samband med nyetableringar viser ei imøtekomande haldning.

6.2. Fiskeri- og havbruksnæringa er allereie etablert som Noregs største eksportnæring etter olje/shipping. I Volda er potensialet større innan havbruk enn innan tradisjonelt fiskeri. Innan havbruk har Volda ei rekke naturgitte fortrinn: minimal forureining,

passelig verna kystfarvatn og eit sunt klima for produksjon av høgverdig sjømat. Havbruk som er rekna som ei kystnæring, må i vårt tilfelle forståast som ei fjordnæring og målet er å halde stillinga vi har i dag. I denne samanheng vert det vist til nyleg vedteken kystsoneplan (30.01.03).

Saman med andre kommunar og sentrale myndigheiter må det settast i verk tiltak for å hindre spreiding av kongekrabbe til våre farvatn.

6.3. Industrien har stått sterkt i Volda, med verkstadindustri som tyngdepunkt. Verdien av industriproduksjonen har gått opp, sjølv om talet på sysselsette går ned. Dette har samanheng med auka effektivisering, mekanisering/robotisering og betring av kvalitet. Denne trenden held fram, og ein kan ikkje rekne med særleg stor auke i talet på sysselsette i industrien.

Ei anna utfordring er at nokre av bedriftene i Volda, er såkalla ”ekstern” eigd. Det at eigarskapen ikkje er lokal, gjer det lettare for eigarane når som helst å bestemme seg for å legge ned produksjonen og flytte denne til område med t.d. lågare avgifter, anten i Noreg eller utlandet. Kompetansesarbeidsplassane er i så fall dei første som kan forsvinne. Samla utgjør dette verksemdar med bortimot 150 arbeidsplassar.

Styret i Volda industrilag har i samband med revidert handlingsprogram kome med følgjande vurdering av no-situasjonen/utfordringar:

- Internasjonal konkurransearena
- Auka import frå aust (Europa og Asia)
- Valutasvingingar
- Skattar og avgifter
 - t.d. effekt/nettleige straum
- Innovasjon, utvikling og kapital
- Lokalt såkornfond/eigenkapital
- Lokalt kraftfond også til eksisterande bedrifter

Og ut i frå dette har dei kome med framlegg til følgjande tiltak:

- Auka satsing på samferdsle
 - Kvivsveg
 - Tenelege flyruter
 - direkte til/frå Oslo
 - nordover
 - Nattferje Volda –Folkestad, og Festøya -Solavågen
- Samarbeid om tilrettelegging av industriareal i Volda/Ørsta
- Yrkesretta utdanningstilbod innafor tre og mekanisk industri
- Muligheit for kommunale utleigebygg
- Politisk engasjement lokalt overfor overordna nivå (fylke, regjering og storting)
- Politisk engasjement lokalt: auka lokalkunnskap, bedriftsbesøk, møte med bransjeorganisasjonane osb.

6.4. Reiseliv er ei næring i vekst, ikkje minst som tilleggsnæring innan landbruket med t.d. utleigehytter. Reiselivsrelatert verksemd er viktig: overnatting, transport, servering, aktivitetstilbod mm. Volda har også ”langtidsturisme” i form av at alle studentane bur her

9-10 mnd. i året. Auka lønsemd i denne og tilhøyrande næringar er ei stor utfordring framover.

Reiselivet var i 2003 inne i ei omorganiseringsfase i Møre og Romsdal. Kommunestyret vedtok i oktober at kommunen går inn Destinasjon Ålesund-Sunnmøre frå 1.1.04. Det har vore halde synfaring i kommunen av representantar frå administrasjonen i Ålesund Reiselivslag, og kultursjefen er lokal kontaktperson mellom kommunen og Ålesund Reiselivslag.

Varaordførar Gunnar Strøm er vald til varamedlem i styret for Ålesund Reiselivslag, som representant for kommunane på Søre Sunnmøre.

Volda Reiselivslag held inntil vidare fram som interesseorganisasjon for reiselivet lokalt.

Styret i Volda Reiselivslag har i samband med revidert handlingsprogram kome med følgjande vurdering av no-situasjonen/utfordringar:

- Skilting
- Folk som vil satse på reiseliv
- Kapital
- Samferdsle

Og ut i frå dette har dei kome med framlegg til følgjande tiltak:

- Kompetansesenter Nordvest - realisering
- Nye reviderte skilt til
 - områdeskilt Volda/Ørsta
 - lokal skilting Volda sentrum til hotell, toalett, bussterminal, offentlege institusjonar m.m.
- Positive haldningar blant politikarane til evt. dispensasjonar i høve utbygging av reiselivstiltak
- Samferdsle
 - flyruter jfr. industrilaget sine innspel
 - Kvivsveg
- Hindholmen til Volda

6.5. Servicenæringane har eit større potensiale framover. Innafor forretningsmessig og privat tenesteyting er her potensiale for fleire etableringar. Servicegruppa har i høve næringsanalyse for Volda/Ørsta peika på at etablering av lokalitetsfellesskap til dømes med advokatar, revisorar, økonomar, ingeniørar, arkitektar m.m., kan stimulere til spesialisering, rekruttering, nyetableringar og godt fagleg miljø, t.d. innan informasjons- og kommunikasjonsteknologi (IKT). Dette vil bli nærare vurdert i prosjektet Slogen innovasjonspark, som eit fellestiltak mellom næringslivet og kommunane i Volda og Ørsta.

I lengre tid har ei prosjektgruppa arbeidd med å utvikle eit større prosjekt som blir kalla Kompetansesenter Nordvest. Målsettinga er å byggje eit senter for kulturproduksjon og formidling kombinert med kulturhus, studenthus, hotell, konsertsal og badeland. Dersom alt går etter planen skal byggjinga av kompetansesenteret starte i 2005 og stå ferdig i 2007. Realiseringa skal skje gjennom eit samarbeid mellom frivilleg, offentleg og privat sektor.

6.6. Handelen i Volda er utsett for sterk konkurranse utanfrå, og då spesielt frå Moa/Ålesund. Omsetninga pr. innbyggjar ligg under gjennomsnittet for fylket. Her er såleis nok av utfordringar å ta tak i. Volda som handelssenter har likevel ein del å gå på når det gjeld tiltak som gjer det attraktivt for folk å opphalde seg i sentrum, som t.d. parkering. På kort sikt er det viktig at handelsnæringa kan tilby eit vareutval som hindrar handelslekkasje. På litt lenger sikt må ein gjere handelssenteret så attraktivt at det kan trekkje til seg handlande frå omkringliggande kommuner. Utvikling av handelen kjem heile lokalsamfunnet til gode ved at forbrukarane får lettare tilgjenge til eit større vareutval. Dei næringsdrivande vil, i tillegg til sikre og gode arbeidsplassar, få høve til utvikling. Dette vil gi ringverknader til lokalsamfunnet gjennom m.a. auka sysselsetting.

6.7. Offentleg verksemd har auka sysselsetjinga siste 20 åra. Dette gjeld særleg kommunane, sjukehuset og høgskulen. No er signala at offentleg sektor skal effektiviserast meir, og i dette biletet høyrer også med at konkurranseutsetting av noverande offentlege tenester må vurderast. Samarbeid mellom kommunane vil ha avgjerande verknad då Volda og Ørsta er ein felles bu- og arbeidsmarknad. Utfordringa ligg også i å oppretthalde og vidareutvikle dei offentlege tenestene Volda har.

7. Spesielle tiltak:

7.1. Påverke rammevilkåra

Gjennom politisk engasjement overfor fylke og stat må ein prøve å påverke rammevilkåra for næringslivet. Det er avgjerande for utviklinga av offentleg og privat næringsliv i Volda at:

- dei store offentlege arbeidsplassane i Volda vert sikra
- rammevilkåra for distriktslandbruket vert betre
- det vert lettare å få tak i midlar frå Innovasjon Norge
- kommuneøkonomien vert styrka

Tilrettelegging for næringsutvikling føreset kunnskap om det lokale næringslivet og deira behov hjå lokalpolitikarar. Bedriftsbesøk og fellesmøte med næringsorganisasjonane kan vere aktuelle tiltak her.

7.2. Infrastruktur

Arbeidsplassar er viktig, men like avgjerande for om ungdomen vil bli verande i Volda er at dei trivast. Godt utbygd infrastruktur med tilbod på line med større byar som Ålesund er eit mål. Private tiltak, som skisenter, treningsinstitutt, golfbane, lag og organisasjonar, og kommunale tiltak som idrettshallar, ungdomens hus og kino/kulturhus er viktige.

I tillegg til tradisjonelle kommunikasjonar (vegar, tunnelar, flyruter, rassikring og auka ferjefrekvens/nattferjer osv.), er utbygging av breibandsnett til alle deler av kommunen viktig. Dette er eit telenett som i dag er omlag 30 gonger raskare enn ISDN. Eit slikt nett vil gjere ei sterkare IKT-satsing i utkantane mogleg og opnar for moglegheiter ein ikkje ville fått til elles.

Gode kommunale tenester er viktig. Med tanke på framtidig busetnad på bygdene, er det også viktig at skulestrukturen vert oppretthalden slik den no er vedteken.

7.3. Selskapsskatten (skatt frå verksemder)

Selskapsskatten går no direkte til staten, så det er ikkje lenger så nøye kvar ei verksemd blir plassert, berre det skjer i vår region. På denne måten kan ein utvikle t.d. industrielle miljø, miljø for entreprenørar og miljø for småverkstader på areal som er felles for regionen. Når det gjeld selskapsskatten, har Rattsø-utvalet i si delutgreiing II om inntektssystemet i kommunane, gjort framlegg om å avvikle etterskotskatten som kommunal skatt og kompensere dette ved å auke den kommunale skatteøyren frå forskotspliktige skatteytarar, dvs. ei tilbakeføring av ein del av selskapsskatten til kommunane. I ei høyringsfråsegn har kommunestyret i Volda (og Ørsta) rådd til at selskapsskatten held fram som ein rein statskatt, dvs. at ordninga vert vidareført slik den er i dag.

7.4. Utvikling av meir brukarorientert kommunal tenesteproduksjon

Kommunen bør ha som mål at næringslivet skal oppleve god kommunal service. Dette gjeld spesielt innafor plan- og byggesakshandsaminga. I denne samanheng er tilgang til kommunal informasjon og elektroniske tenester via internett svært viktig. Det er eit mål at det skal vere mogleg å hente ut informasjon og kommunisere med kommunen 24 timar i døgnet. Utvikling av ei god kommunal heimeside, der ein kan hente informasjon, sende inn ulike søknader og liknande vil vere ein avgjerande reiskap i dette arbeidet.

Formalisert samarbeid mellom kommunane er også aktuelt innafor fleire tenesteområde; t.d. brannvern, innkjøp, miljøvern og næringsutvikling/landbruk. Intensjonen med dette er betre ressursutnytting, fagleg styrking og betre service.

Eit formalisert samarbeid innafor rådgjevingsapparatet i landbruket og næringskontora ved å fordele saks- og arbeidsområde i høve kvar kompetansen sit, er eit mål. Ei fordeling av saksfelt kan i første omgang skje uavhengig av fysisk lokalisering. Målet er å få best mogleg utnytting av den samla ressursen.

7.5. Samarbeidsområde mot ytre søre Sunnmøre og mot Nordfjord

I storregionen søre Sunnmøre/midtre/indre Nordfjord med eit folketal på 60.000, vil Volda/Ørsta vere det naturlege midtpunktet. Eiksundsambandet og Kvivsvegen vil gi akseptable pendlaravstandar. Dette vil også styrke framtida for sjukehuset, høgskulen og andre offentlege servicetiltak, som t.d. Tingretten og Jordskifteverket. Ikkje minst gir det næringslivet høve til å nå nye arbeidssøkjjarar.

7.6. Miljøfyrtårn

FN si miljøkonferanse i Rio de Janeiro i 1992 sette fokus på tiltak som skulle betre miljøet si berekraft. Lokal Agenda 21 er ei vidareføring av desse intensjonane. Det er her lagt vekt på at det m.a. må takast omsyn til miljøet i alt forbruk og all produksjon. I samband med dette kan opplegget med ”Miljøfyrtårn” vere eit positivt tiltak for næringslivet. Målet med dette tiltaket er å sette fokus på miljøstandardar og dei økonomiske og konkurransemessige vinstar ein kan oppnå ved å ta del i dette. Kanskje kan dette i neste omgang stimulere til nytenking også når det gjeld produktutvikling, t.d. innanfor miljøteknologi, alternativ energi o.s.b.

7.7. Samarbeid skule/næringsliv - ungdom

Ungdomen gir von for framtida. Samarbeid mellom skule og næringsliv vil gje begge partar føremoner som vil styrke rekrutteringa til verksemdene. ”Yrkesmesse for Volda og Ørsta” er eit slikt positivt tiltak, men også tiltaket med partnerskapsavtalar mellom skular og verksemdar og arbeidet med elevbedrifter og undervisning i entreprenørskap i grunnskulen er viktige tiltak. Dette kan utviklast vidare, og ansvaret for dette bør ligge til respektive skular og verksemdar. Initiativet frå Høgskulen om eit studium for rådgjevarar i grunnskulen, der hospitering i ulike bedrifter i nærområdet går inn som ein del av studiet, er ein god idé som bør arbeidast vidare med.

Det er også svært viktig at regionen har utdanningstilbod som er attraktive for ungdom og som næringslivet treng, t.d. yrkesretta utdanningstilbod innanfor tre og mekanisk industri. Ein bør også arbeide for eit utdanningstilbod knytt til båtbyggarmiljøet på Bjørkedalen.

7.8. Kvinneretta tiltak.

Regionen har mange kvinnearbeidsplassar, spesielt innafor offentleg sektor. Det er viktig å halde desse arbeidsplassane oppe, men samstundes bør kvinner kome meir med i alle typer yrke. Tiltaka nemnt i punkt 4 i vedlegg 2 kan vere med på å syte for dette ved auka kunnskap og informasjon om moglegheitene i næringslivet. Skal ein få godt utdanna kvinner til å flytte heim att/verte verande i kommunen, er det viktig å kunne tilby dei eigna arbeid både i offentleg og privat sektor. Fleire kvinner bør motiverast til å søkje leiande stillingar, og både offentlege og private bedrifter må ta næringsministeren sine føringar om å velje fleire kvinner inn i styra på alvor. Kvinner må også stimulerast og få hjelp til å starte sine egne arbeidsplassar/ bedrifter.

7.9. Prioritering av bruken av kraftfondmidlane.

Kommunen har no berre Kraftfondmidlane til disposisjon i høve direkte støtte til private næringsstiltak (sjå vedlegg 3). Då desse midlane er avgrensa, vert følgjande lagt til grunn for prioriteringa av bruken:

Det vert normalt ikkje gjeve støtte til: importverksemd, detaljhandel/butikketableringar, kafé- og restaurantverksemd, tradisjonell konsulentverksemd/bedriftsrådgiving, helse-/velværetilbod, web-design, nettbutikk.

I dei tilfelle der det er nødvendig med noko form for autorisasjon e.l., blir det ikkje gjeve støtte før slik ligg føre. Ved etablering av handverksbedrifter skal søker ha nødvendig fagbrev.

Det vil i hovudsak ikkje bli gjeve støtte til:

- rullande materiell (bil og tilhengar)
- kontorutstyr og -maskiner
- handverktøy
- bygningar (her unntatt produksjonsanlegg)

Det blir ikkje løyvd midlar til tidlegare støtta tiltak før det har gått minst 5 år frå første gong det vart gjeve støtte til tiltaket. Dette hindrar ikkje at eventuelle nye eigarar kan søkje støtte til supplerande investeringar eller bedriftsutviklingstiltak.

Vidare i tilfelle sal/nedlegging:

- Dersom verksemda blir selt eller nedlagt i løpet av 2 år frå tilsegn om støtte vert gjeve, skal næringsutvalet kunne krevje attendebetalt høvesvis del av innvilga tilskot etter nærare vurdering.

Ved nyetableringar vil det etter nærare vurdering også kunne bli sett følgjande vilkår:

- Det er eit vilkår at søkjar vil ta del i etableraropplæring, t.d. Etablerarskulen. EF-styret vil dekkje 50 % av kostnadane til denne på vanleg måte.

Utover dette vil søknader bli handsama individuelt og vurdert i kvart einskild tilfelle.

Søklarar må legge fram skatteattest før søknad vert handsama. Midlar frå Kraftfondet vert rekna som skattbar inntekt for søkjar. Søkjar må opplyse om søknaden kan offentleggjerast (A-sak), eller om den skal unntakast offentleggjering (off.l. § 5, Fvl. § 13 - altså B-sak). Dersom opplysning om dette manglar, vil søknaden bli handsama som A-sak.

Fondsstyret vil elles sjå positivt på søknader om midlar til fellestiltak initiert av næringslaga i kommunen.

7.10. Visjonsgruppe for utvikling i Volda.

Det er eit mål å stimulere til nyskaping og nyetableringar i kommunen vår. Lokale såkornfond/eigenkapital, tilgjengeleg næringsareal for industri og utleigebygg, t.d. lokalitetsfellesskap for servicenæringar, er nokre stikkord her. Like viktig er det å skape eit kreativt forum for dei gode ideane. Ei visjonsgruppe for utvikling i Volda kan vere eitt slikt tiltak. Dette er tenkt som eit forum der ein uforpliktande kan drøfte ulike saker etter ynskje. Eit slikt forum kan også skape grunnlag for større og forpliktande samarbeid mellom offentleg og privat næringsliv og kommunen. Deltakarar: Dei statlege og fylkeskommunale institusjonane, det private næringsliv (handelsforeining, industrilag, reiselivslag) og kommunen.

Ei nyskparkonferanse kunne vere eitt konkret resultat av eit slikt samarbeid.

7.11. Volda som handelssentrum

Volda har eit stort potensiale når det gjeld sentrumsutvikling og vidareutvikling som handelsstad. Vareutvalet kan verte betre, og fleire spesialbutikkar vil redusere handelslekkasjen. Fiskebutikk og kjøtvarebutikk er døme på kva Volda manglar. Vidareutvikling av Vakrae Volda-prosjektet, betre tilrettelegging for parkering, gode møteplassar som Torget og Oppheimsplassen, opprydding og fortetting i Hamnekvartalet og vidareutvikling i Spinneriområdet er stikkord her. Rulleringa av sentrumsplanen, inkludert ei enkel tettstadanalyse, vil vere gode reiskapar i dette arbeidet.

7.12. Reiselivssatsing

Gjennom samarbeidet i Destinasjon Ålesund-Sunnmøre bør Volda utvikle reiselivsprodukta vidare. Eit kompetansesenter kombinert med nytt hotell og utvikling av sommarkurs vil vere eit trekkplaster for å få turistar i Volda. I tillegg til eksisterande tilbod er her mykje å hente på natur- og kulturbasert reiseliv. Fjorden kan utnyttast betre dersom ein får eit fast båttilbod. Hindholmen har vore nemnd. Fyrmuseet på Dravlaus bør, i tillegg til den nasjonale verdien, verte eit kultursentrum for heile Dalsfjorden. Ein må få fortgang i arbeidet med reguleringsplan for Vikeneset, både for å gje reisande ein skikkeleg

velkomst til Volda og å legge til rette for cruisetrafikk på Vikeneskaaien. Også tilrettelegging for båtfolk i småbåthamnene er viktig.

Rasteplassar med toalett er eit sagn i Volda. Eit anna konkret tiltak som ein bør kunne starte med er betre skilting.

7.13. Landbruk og bygdeutvikling

Sentrale rammevilkår har stor innverknad på utviklinga i landbruksnæringa. Likevel skal kommunane få større innverknad på dette området. Samspelet mellom tettstaden Volda og bygdene rundt i kommunen er av stor verdi, og det må arbeidast aktivt for å oppretthalde aktivitet og busetnad på bygdene. Ein landbruksplan kan vere ein reiskap i dette arbeidet. Det tradisjonelle landbruket må styrkast. I tillegg bør småskala nisjeproduksjon med lokal foredling vere eit satsingsområde. Grønsaker og bær, heimeysting, kjejkjøtt, kjøtt av utegangarsau m.m. kan vere døme på slike produkt. Ein bør også i tråd med nasjonale mål arbeide for at fleire legg om til økologisk produksjon. Opplevingsturisme, havbruk, husflidsproduksjon/ båtbygging, biobrensel og grøn omsorg kan vere aktuelle supplement til det tradisjonelle landbruket. Stell av kulturlandskapet må stimulerast.

8. Handlingsplan – prioritering av tiltak

8.1. Avklaring av planperiode:

Aktuelle tiltak i handlingsplanen må skilje mellom tiltak som kan gjennomførast raskt, og tiltak som treng lengre tid. Med tiltak på kort sikt er meint tiltak som kan gjennomførast i løpet av fire år, dvs. det same som kommunane sin økonomiplanperiode. Kostnads-krevjande tiltak må konkurrere med andre tiltak i kommunen sin økonomiplan.

8.2. Aktuelle tiltak i perioden 2004- 2007:

TILTAK	2004	2005	2006	2007	ANSVAR	FINANSIERING
Møte/info om verkemiddelapparatet kommune/ næringsliv (Innovasjon Norge og liknande)	x				Kontoret for næringslivet-KFN	Deltakarane (avgift)
Arbeide vidare med nytt næringsretta studium ved Høgskulen i Volda (HVO)	x				Næringssekr./ HVO	Statsmidlar til høgskulen
Stimulere til samarbeid offentleg/ privat næringsliv og kommunen (visjonsgruppe)	x				Komm. v/ ordførar og leiar i EFS	Ingen kostnad i utgangspunktet
Stimulere til yrkesretta utdanningar innan trevare, mekanisk industri og utdanningstilbod knytt til båtbyggarmiljøet i Bjørkedalen	x	x	x	x	KFN/ Industrielaget	Stat/ fylke
Nærings- og nyskapingskonferanse		x			KFN/ komm.	Deltakaravgift
Lokale såkornfond/ eigenkapital		x			KFN/ komm.	Innovasjon Norge Bankar?Komm.?
Betra kommunal service gjennom kommunale inter- nettsider - vidareutvikling av eksisterande sider gjennom ny programvare		x			Komm. v/ nærings- og utv. staben	Kraftfondet

Breibandutbygging	x	x	x	x	Private utbyggerar	Sal av tenester
Arbeide for rask realisering av Kviven, rassikring og betring av fly- og ferjetilbodet	x	x	x	x	Komm. v/pol. leiging	Statlege samferdslemidlar
Miljøfyrtårn		x			KFN	Komp.midlar
Rullering av kommunedelplan Volda sentrum m/tettstadanalyse	x				Komm. v/planavd.	Komm. driftsbudsjett/RUP-midlar
Fortetting i Hamnekvartalet	x				Komm. v/nær.og utv.staben + private	Private
Arbeide for betre parkeringstilhøve	x	x	x	x	KFN/handelsfor / komm.	Frikjøpsmidlar Bet.parkering.
Arbeide for etablering av fleire nisjebutikkar	x	x	x	x	KFN/handelsfor	Private
Arbeide for gjennomføring av planane for Torget og Uppheimsplassen		x	x		Komm.	Spleiselag komm./fylke/nær.l./bank
Sentrumsutvikling - reinare Volda	x	x	x	x	Komm./huseigarar grunneig.	Spleiselag komm./private midlar
Kompetansesenter Nordvest		x	x	x	Komm./fylke/HVO private	Offentlege og private midlar
Oppføring av sentrumsnært kommunalt industribygg	x	x			Komm.	Eige AS/ komm.
Tilrettelegging for nærings-og kunnskapspark	x				KFN/HVO/private	Innovasjon Norge Offentleg./privat næringsliv
Reguleringsplan Vikeneset		x			Komm.v/planavd.	Spleiselag komm./Mesta/fylket
Servicebygg Vikeneset			x		Komm.	Spleiselag komm./Mesta/fylket
Utgreie oppgradering av Vikeneskaia til cruisetraffikk	x				Komm. v/komm. tekn.avd.	Hamneavgifter/låneoptak
Skilting i Volda (områdeskilt/ lokal skilting)	x				KFN/komm.	Kraftfondet
Kultur/ naturbasert turisme		x			Reiselivsl./Dest.Å S/private	Innovasjon Norge/ BU-midlar Private
Fyrmuséet i Dalsfjord		x			Stat/fylke/kommune	Spleiselag stat/fylke/kommune
Stimulere småskala landbruksproduksjon med lokal foredling	x	x	x	x	Landbr. avd.	Private
Grøn omsorg- infomøte	x				Landbr. avd.	Statlege tilskot/eigendeler
Kulturlandskapspleie	x	x	x	x	Landbr. avd.	Statlege støtteordningar/priv.
Biobrensel	x	x	x	x	Landbr. avd.	Prosjektmidlar/private midlar

